

Emne Nr. 76

DEI "KLOKE"

I samarbeid med  
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING  
PÅ VESTLANDET

Folkemedisinen bygger på utgammal grunn. Det ligg tusenårs røynsle bak mange av dei rådene som vart nytta mot sjukdom, anten det no var helsesame urter eller lækjande vatn. Ved sida av desse meir rasjonalistiske rådene levde magien. Magiske råder har vori nytta like inn i vår tid, oftast i ei eller anna omkleding. I fleire hundre år har dessutan den gamle lærde medisinen gjennom prenta skrifter hatt stor innverknad på folkeleg lækjekunst. Svarte bøker og avskrifter av dei har likeins spela ei stor rolle.

Slik som den folkelege lækjarkunsten tedde seg på 1800-talet, var den eit konglomerat av folkeleg og lerd tradisjon, der det ofte kan vere vanskeleg å finne fram til alle medverkande drag. Nokre av dei gamle lækjerådene var nok allment kjende, men i kvar einaste bygd mest var det folk som var meir kunnige enn andre. I daglegtalen vart dei kalla "kloke". Mange av dei var kjende vidt i kring, og folk søkte til dei for alle slag sjukdomar. Lenge var det slik at dei sjuke heller gjekk til dei enn til doktoren, både for di det var billegare og for di dei hadde større tiltru til dei kloke. Ein lækjeprosess er alltid eit samspele mellom det kroppslege og det sjellelege, og dei kloke hadde i regelen sterk evne til å trøyste dei sjüke og få dei til å tru at alt var gjort som gjerast kunne.

I folketradisjonen og i mange slag fortellingar lever minnet om kloke folk, kvinner og menn. Ein god del er samla, men mykje finst sikkert enno att. Det ville vere over lag verdfullt å få samla så mykje som mogeleg av dette tilfanget som kan kaste lys over den gamle folkemedisinen. Vi ber Dykk derfor fortelle oss om kloke kvinner og menn som har levt eller lever i Dykkar bygd og i grannebygdene, og som folk i Dykkar bygd har søkt eller søker til. Vi vil gjerne få vite namnet deira, kvar og når dei levde (helst med nøyaktige årstall om det er mogeleg), deira personlegdom og miljø, kvar og korleis dei hadde lært kunsten og om dei hadde särlege føresetnader for den verksomha dei dreiv. Det er framifrå om De kan skaffe eit fotografi. Dersom De ynskjer det, kan vi fotografere det av her og sende det tilbake.

Av særskild interesse er det vidare å få opplysningar om korleis dei kloke kvinnene og mennene verka, kva sjukdomar dei tok på seg å lækje og korleis dei gjorde det, helst med konkrete døme som De kjenner. Når vi da har fått inn dette første tilfanget, vil vi gjerne få kome tilbake til emnet i ei meir utførleg og systematisk spørjeliste.

## Kløte falt.

Det var ingen doktar her i bygda, og når eg kom tilbygga; men som helst var, den hadde bygdi her ein egen klak manu, som vart henta når natta stod på, både med falt og fot. Var det nattom som hadde bortte bein, so var det å hente han Eirik (ta han heitte Eirik Skjelvik) og han gjorde å spjelte beinet so godt som natten dattar, og var det nattom, som hadde vore so sikkjepen å bruge hinadri avskonen, so var det Eirik, den næste som kom inn med blodet og mange andre ting han vart bedt om, og altid vart det ei rast når han kom, enda han var ein sjølvført man; var det ikke allt han kunne tilføra som lægevar ei for folk og fa. Eirik var født 1823 av foreldri Lars Ingabretsen og Ingerid Eriksdtr. Skjelvik og døyde 1910. Se under foto med som de ser.

Mindre Kløte kjenner eg ikkje til anna sene, ak her var ein del halvgaunle levfolk som dreia mes å tappa blod av puls, mes dydar (bloddydar) og sime nokk Kappablod, som vart gjort på den måten dei hadde fluge belaga koppa av stekahorn mes hol i koppa og sa krittike dei ein bild elles eit anna kressa og pikkja hol i skinnet so vidt som koppa og sa gang dei bladet inn i koppa frå holen i koppa og sen når kryss var notok, so la dei ein liten spålapp som dei kordde i minnen igjennom holen fra koppa av kapprea og på den måten fikk dei ut mykje rågott blod. So dei?

Egender med eit foto av Eirik Skjelvik 1823-1910.

Røde 19-5-60

Konte Olav Røde Odda

15438

716  
Hord.



15438

Einsk skjelvirk saman med tri  
andere sysken, 1823-1910

15438